

NVE
Avdeling for konsesjon og tilsyn
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref: Marit Carlsen

Bergen, 15.august 2012

Planendring Holmen kraftverk.

Vi viser til synfaring 14. juni og korrespondanse med Fylkesmannen i Hordaland.

Holmen kraft AS søker med dette om å legge ei pumpeledning frå utløpet av kraftverket til hølen like oppstrøms utløpet av kraftverk som eit avbøtande tiltak i tillegg til dei tiltaka som er omtala i søknaden som er dagsett 30. november 2011.

Formålet med tiltaket er at det skal sikre vassføringa i hølen i perioden 1.juni- 30.november

Sjå også notatet frå Rådgivande Biologer og skissa i vedlegg.

Teknisk skildring:

Av omsyn til av driftstryggleik vil det verte installert to pumper som kvar vil ha kapasitet stor nok (inntil 350 l/s) til å dekke behovet. Straumforsyninga til pumpene vert teke ut frå straumforsyninga i kraftstasjonen.

Pumpene vert installert i ei eiga nisje i første del av avløpstunnelen slik at ein har tilgang til pumpene utan å måtte tørrleggje avløpstunnelen. Ledninga vert lagt i avløpstunnelen og langs elvas austre kant opptil hølen like nedanfor vandringshinderet.

Dimensjonen på ledninga vil vere i storleiken 500 mm og vert totalt ca 200 m lang, der om lag 100 m vil vere i avløpstunnelen. Materialtypen er det ikkje teke stilling til enno. Pumpeleidninga vil vi leggja på høgre sida av elva, så diskret som muleg og slik at den er verna for ras, dette tilseier at røret stort sett vert gravd ned. Endeleg dimensjonering av pumper og pumpeleidninga vil vere ein del av detaljprosjekteringa.

Drift:

Pumping av vatn opp i hølen vil skje når det er behov for det (viser til notatet frå Rådgivande Biologer) og start/stopp vil vere styrt automatisk i tråd med vassføringa i elva. Det vil vere aktuelt å ha reserveforsyning til pumpene frå eit dieselaggregat ved straumstans. Vi er innstilt på tett dialog med Fylkesmannens miljøvernabdeling i detaljprosjekteringsfasen og vil strekka oss langt for innfri dei krav og forventningar som dei måtte ha.

Dersom kraftverket står vil det ikkje vere behov for pumping av vatn, då vassføringa i elva vil vere som i dag.

Med helsing

Holmen kraft AS

Arnstein Bjørke

Vedlegg:

- Forslag til ekstra avbøtende tiltak på anadrom strekning i Jordalselvi, Rådgivande Biologer dagsett 21. juni 2012.
- Skisse